




Foto: iStockphoto.

Blodfortynnande medisin frå **lakseavfall**

Ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) prøver dei å gjere butikk ut av fiskeavfall, eller fiskeråstoff som det no er vanleg å kalle det. Gjennom firmaet HepMarin AS vil dei framstille det blodfortynnande legemiddelet heparin frå laks.

Norunn K. Torheim

MÅLET FOR HepMarin AS er å ta ein del av marknaden for heparin. Heparin blir brukt som blodfortynnande middel både ved akutte hjartesykdommar, som hjarteinfarkt, og førebyggjande før store operasjonar. I dag blir heparin produsert frå grisetarmar, først og fremst i Kina. Årleg blir det produsert heparin frå tarmar frå 600 millionar slaktegris.

Sikrere produksjon?

HepMarin AS har utvikla ny, patentert teknologi for produksjon av heparin frå fiske- råstoff. Dei meiner at fiskeråstoff er ei råvare- kjelde som vil gi eit tryggare produkt og ein produksjon som er lettare å kontrollere, og at heparin frå fiskeråstoff har positive kliniske eigenskapar, som for eksempel lenger halve- ringstid, noko som gjer at pasienten treng

færre injeksjonar, samanlikna med heparin frå svin. No prøver dei å dokumentere dette.

I dette arbeidet samarbeider selskapet med både norske og utanlandske partnarar innanfor prosessindustri, prosess teknologi, kjemi og biologi.

Torgeir Vaage i HepMarin AS meiner at produksjon av heparin frå laks vil gjere det lettare å kontrollere kvaliteten i heile produksjonskjeda, og at produktet derfor er sikrere å bruke enn svineheparin. Han viser til heparinskandelen i 2007 der fleire titals pasientar i USA døydd av forureina heparin frå Kina.

» Dei meiner at fiskeråstoff er ei råvarekjelde som vil gi eit tryggare produkt ...



Direktør i Bioteknologinemnda, Sissel Rogne, leia tidlegare i år ein jury som kåra HepMarin AS, her representert ved Torgeir Vaage, til årets innovasjonsbedrift på den internasjonale sjømatkonferansen North Atlantic Seafood i Oslo. Foto: Fotograf Morten Flaten, fotografmortenflaten.com.

Norsk fortrinn

Som verdas største produsent av laks har Noreg, ifølgje Vaage, eit fortrinn dersom laks blir kjelde til heparinproduksjon. HepMarin samarbeider med firmaet Marine Bioproducts i Bergen som no sit på ein fjerdedel av det samla restråstoffet frå norsk oppdrettsnæring.

UMB-professor bak oppdaginga

Det var professor Ragnar Flengsrud ved UMB som gjorde oppdaginga som no kan bli storindustri for HepMarin. ♦

Les meir om prosjektet på nettsida til Universitetet for miljø- og biovitenskap www.umb.no/forsiden/artikkel/umb-forskning-kan-gjore-lakseavfall-til-storindustri.

Kjelde:

Foredrag av Torgeir Vaage i HepMarin på møte om bioprospektering i regi av Tekna Biotek i Oslo 12. mai 2011.